**Redaktør og produsent:** Gunn Sølvi Gausemel, NRK **Tekst og slåtteval:** Jan. H. Lislien, Folkemusikksenteret i Buskerud **Lydrestaurering og mastering:** Terje Hellem, NRK **Opptak:** NRKs folkemusikkarkiv **Prosjektleiar:** Frode Rolandsgard **Grafisk formgjeving:** Eva Karlsson **Engelsk omsetjing:** Laura Ellestad **Framsidefoto:** Nationen og Jan Nordby, NRK **Økonomisk stønad:** Norsk kulturråd







## GUNLEIK BONDAL (1945)

**Tuddal, Telemark/Svene, Numedal**

**Gunleik vaks opp** i Tuddal i Telemark og byrja å spela hardingfele i 10-årsalderen. Fyrste inspirator og læremeister var onkelen Olav Bondal. Han var nabo, spelemann og laga dessutan feler. Det var han som hjelpte til då 11 år gamle Gunleik laga den fyrste fela si. Seinare laga Gunleik tre feler til. Det var på sjølvbygde instrument han etter kvart lærte seg å spela.

På midten av 1950-talet var det mange unge spelemannsspirer i Tuddal. Torkjell Tveiten, Svein Løndal, Knut Buen og Nils Bondal må nemnast. Dei unge fekk god hjelp av meisterspelemannen Olav Løndal, som på tolmodig vis synte dei vegen inn i tonearven og speltradisjonen etter «gamle» Svein Løndal. Dette var musikk med røter like gamle som soga om felespelet i Telemark.

Seinare var også Einar Løndal blant læremeistrane.

**Gunleik var endå ikkje** fylt 15 år då han deltok på sin fyrste kappleik. Debuten fann stad på Markenskappleiken på Kongsberg i 1960.

I åra frå 1960–63 arbeidde han i Gransherad. Der fekk han lære slåttar av den svært gode spelemannen Hølje Wårstulen. I 1965 kjøpte han seg ny fele av Jon Tjønn. Det var denne fela han kom til å bruke mest seinare.

Gunleik vart ein ivrig kappleiksdeltakar. Det var





23. **Sinderoen, gangar**
A much-used tune in Numedal, but with uncertain origins. A place by Norefjorden is supposed to have been called Sinderroe (sinder is the same as slag). The recording is from Landskappleiken in Røros in 1970. This time, Sigurd got second prize.

24. **Bekkjinguten, gangar**
Steingrim Haukjem learned this tune from Knut Dahle in 1920. The recording of Sigurd is from Austlandskappleiken in Flesberg in 1977, where he got first prize.

25. **Raudstakken, springar**
Steingrim Haukjem learned this tune from Simen Svingen (1882-1967) from Veggli, who had in turn learned the tune after Nils Halvorsen Asker "Oskehølen" (b. 1827). Nils had the tune after his father "Oskehølen", Halvor Halvorsen Haagaan (1789-1876). Sigurd shares his music here in homelike surroundings during an NRK recording in Veggli in 1979.

26. **Gudvangen, gangar**
This tune is a wandering tune which can be found in many places and in several formulations; there are several tunes which bear this name. Steingrim Haukjem learned this tune from Halvor Høyseth in Hovin; Truls Ørpen learned it from Steingrim and has transcribed it for Hardingfeleverket (a seven-volume collection of transcriptions of Hardanger fiddle tunes).

17. **Torstein Bromsdalen, halling**
Truls Ørpen wrote that Knut Lurås purportedly learned this tune in Numedal and took it with him to Tinn. Steingrim learned the tune from Knut Dahle in 1919.

18. **Ola Skeimakar, springar**
Steingrim learned the tune Ola Skeimakar from Steinar Gladheim in 1912. Sigurd used it a lot at kappleiks.

19. **Rjukanfossen, springar**
Recording from the Kappleik in Porsgrunn in 1965, where Sigurd got first prize. His teacher, Steingrim Haukjem, learned this tune from Knut Dahle in 1919.

20. **Gangar after Luråsen**
There are several Lurås gangars, and Steingrim had some after Steinar Gladheim, others after Knut Dahle.

21. **Flesbergingen, springar**
These recordings are from Landskappleiken in Lillehammer in 1968, where Sigurd got first prize in class A. Steingrim Haukjem learned this springar from Steinar Gladheim in 1912.

22. **Vegglijenta, springar**
Steingrim Haukjem learned Vegglijenta from Steinar Gladheim in 1914. Sigurd used the tune often at kappleiks. This recording was made for the Folk Music Half-Hour and was broadcast in 1970 under the title "Migration of tunes between eastern and western Norway" ("Slåttar på vandring mellom Austland og Vestland"). Pål Løytnantsdreng (1786–1867) supposedly made this tune for a girl from Veggli who couldn't dance!




Frå venstre Torkjell Tveiten og Gunleik Bondal.

FOTO: UKJENT (TRULEG FRÅ AVISA VARDEN), UTLÅNT AV GUNLEIK BONDAL

FOTO: HANS JOHNSRUD, NOTODDEN, UTLÅNT AV KNUT BUEN



FOTO: KARI BONDAL SØRENSEN



Øvst: «Tolmodig læremeister» – Olav Løndal.
Under: Andreas Bondal Sørensen og Gunleik Bondal.

kappleik mest kvar helg heile sommaren i den tid. Var det ikkje i Telemark, så var det i Buskerud eller andre stader. Han deltok på dei fleste, mellom anna fire landskappleikar, og spela seg opp i klasse A i 1967 i Porsgrunn. Han var og med i eit radioprogram i Folkemusikkhalvtimen i NRK i 1966, «Unge spelmenn frå Tuddal», som dessverre ikkje er teke vare på i arkivet til NRK.

**Gunleik kom til Numedal** i 1964, saman med sin gode ven Torkjell Tveiten. Her arbeidde dei med hytte-bygging. Det var fleire spelemenn og dansarar frå Telemark som arbeidde med det same på Blefjell i desse åra. Mellom dei var spelemannen Olav Bergland og dansarane Einar Hanto, Olav Sem og kvedaren Sveinung Bakka.

I 1967 gifta han seg med Tordis Dalen frå Svene i Numedal og flytte dit. Dei fekk tre born. Gunleik er byggmeister og har hatt sitt eige byggjefirma i 30 år.

Gunleik spelte mykje til dans og til underhaldning, mellom anna for dansarringen i Flesberg. Han var og ein mykje nytta spelemann på dansekurs, og for kappleiksdansarar frå Telemark og Numedal.

Dessverre fekk spelemannslivet ein brå slutt i 1972, då han øydela ein finger på venstre handa si. Det var



11. **Smågutslåtten, springar in form after Einar Løndal**
12. **Heggtveiten, gangar in form after Hølje Wårstulen**
    Recording from Landskappleiken in Gol in 1972. This time he got second prize.

13. **Gangar after Jon Kjos in tradition from Tuddal**
14. **Kvenneslåtten, springar in Tuddal form**
    Recording from Myllargutstemnet in Rauland in 1972; Gunleik came in sixth place in class A and got first prize.

**SIGURD FROGNER, hardanger fiddle:**

The tunes Sigurd Frogner plays here are all in forms after or learned from Steingrim Haukjem from Veggli (1897-1968).

15. **Tangeslåtten, also called ”Løytnantsdrengen”, springar**
    Recording from Landskappleiken in 1960 in Voss. Sigurd got first prize in the Youngest class here. His teacher, Steingrim Haukjem, learned this tune from Steinar Gladheim in 1912.

    Sigurd Frogner recorded the following three tunes for NRK on May 4, 1965. The program was broadcast on the Folk Music Half-Hour under the title “Folk tones and tunes” (“Folketonar og slåttar”):

16. **Tråen-mann, springar**
    A much-used tune in Numedal, the tune is probably named after the renowned Tråen bailiff, Torstein Knutson Tråen (1720-1801). He was a powerful man in his time.

## ABOUT THE TUNES

**GUNLEIK BONDAL, hardanger fiddle:**

01. **Markensmåndagen, springar in tradition after Kjetil Løndal**
02. **Suldølen, gangar in tradition from Tuddal**
Recording from Austlandskappleiken in Geilo in 1966, where Gunleik got first prize and came in second place in Hardanger fiddle class B.

03. **Bøheringen, springar in form after Einar Løndal**
Recording from Ørpenstemnet in Geithus in 1967, where Gunleik won class B.

04. **Brynjulv Olsson, gangar in form after Einar Løndal**
05. **Fykerud'n, springar in form after Olav Løndal**
Both tunes are recordings from Landskappleiken in Porsgrunn in 1967. At this kappleik, Gunleik became a class A fiddler after having come in second place and getting first prize in class B.

06. **Ligangaren, gangar in Tuddal tradition**
Recording from Austlandskappleiken in Oslo in 1967, where Gunleik won Hardanger fiddle class B.

07. **Bokkoen, springar in tradition from Tinn**
08. **Skuldalsbruri, gangar in form after Olav Løndal**
Recording from the Kappleik in Porsgrunn in 1969. Gunleik came in fifth place in class A and got first prize.

09. **Rjukanfossen, springar in form after Olav Øyaland**
Recording from Ørpenstemnet in Noresund in 1970. This time he got second prize.

10. **Tukthusen, springar in form after Olav Løndal**
Recording from Vestlandskappleien in Granvin in 1970. He got first prize in the Guest class here.



eit stor sakn å måtte leggje vekk fela. Men han har halde god kontakt med folkemusikkmiljøet i åra etterpå, som tilhøyrar og som dommar, både på lokale kappleikar og på landskappleikar.

## SIGURD FROGNER (F. 1940)

**Rollag, Numedal**

**Sigurd Frogner er pensjonert** banksjef og bonde. I tillegg har han vore ein svært aktiv spelemann med mange oppdrag både her heime og utanlands.

Hardingfela har fylgt Sigurd Frogner sidan han som 13-åring tok til å stryke på instrumentet under kunnig hjelp av Sverre Eggerud (1902–1985) frå Rollag.

Viktigaste læremeisteren var Steingrim Haukjem (1897–1968) frå Veggli. I periodar budde læremeisteren fleire veker i strekk heime hjå eleven for å lære frå seg slåttespel. Særleg åra 1959–60 var Sigurd svært mykje saman med Steingrim og dei reiste ofte på kappleikar rundt om på Austlandet. Gjennom Steingrim fekk Sigurd tradisjonsspel som kan førast attende til forpaktarspelemennene på 1700-talet, så langt attende det er skrive spelemannshistorie i Numedal.

Sigurd deltok flittig på stemne og kappleikar både i 1950 og 60-åra. På desse spelferdene lærte han felespel både av Sigbjørn Bernhoft Osa, Otto Furholt og Kjetil Løndal og fleire andre.



FOTO: BJØRN LAUPSA BORGE 2010

Sigurd Frogner.

Leif Aasane frå Kongsberg har og betydd mykje for Sigurd, både som inspirasjon og slåttekjelde. Men han vitja også spelemenn som Hellik A. Juveli i Flesberg, Halvor og Jon Kåsin i Nore, og har bytt slåttar og spelt saman med mest alle spelemenn i Numedal opp gjennom åra. Spesielt må nemnast Asbjørn Bratås, Arne Olsen, Øystein Ellefsen og Olav Strømmen.

**På Voss i 1960 deltok han** på Landskappleiken for fyrste gong. Der vart han nummer to i yngste klasse. Dette er også eldste opptaket med han i NRKs folkemusikkarkiv. Sigurd deltok ikkje på landskappleik att før i 1965 i Bergen. Då fekk han 1. premie og spelte seg opp i A-klassen.

Sigurd deltok mykje på kappleik på 1960-talet, mest i Telemark og Buskerud. Det var speling på kappleik og stemne mest kvar helg heile sommaren.

I tillegg var han svært aktiv og mykje nytta som spelemann i andre samanhengar.

I åra 1960–61 deltok Sigurd, saman med dansarar og kvedarar, på ein lang skulekonsertturné i USA.



FOTO: OLAV A. LIVLAND, LYNGDAL, UTLÅNT FRÅ FOLKEMUSIKKARKIVET I BUSKERUD

Steingrim Haukjem.

Med tre framsyningar kvar einaste skuledag gjennom heile åtte månader viste dei kulturprogrammet sitt for amerikanske high school-elevar.

Sigurd var dessutan ein omtykt spelemann for leikarringar og på stemne og kurs i Noregs Ungdomslag. I 1963 var han spelemann på Nordisk Folkedansstemne i Oslo, der han mellom anna spelte til framsyningsdans på Jordal Amfi.

To somrar spelte han for SAS sine «Midnattsolturistar» i Bodø. Dei skulle få oppleva norsk folkemusikk og -dans under sitt besøk i Nord-Noreg.

I 1963 vart han hyra av utanriksdepartementet til å spela på festivalar både i Skottland og på Hebridane.

Alt i 1964 held han fyrste kurset for nybyrjarar på hardingfele. Det møtte opp mange elevar. Dette kurset vart starten for mange av dagens spelemenn i Rollag.

I 1969 gifta han seg med Liv Jorunn Ofstad frå Oppdal. Dei fekk tre born og har heile tida vore busett i Numedal. Dottera Synne Frogner fører spelarven vidare.

**Som musikalsk leiar** i Numedal spel- og dansarlag har han lært spelet vidare. Sigurd er ein framifrå pedagog, og alle aktive spelemenn i Numedal har lært mykje av han.

I mange år var han med i Tov Haukjems gammaldansorkester, og spelte på tallause festar og tilstellingar.

Sigurd har delteke på mange kassett- og plateutgjevingar, mellom anna: «Slåttar til dans» og «Vårdagen», utgjevne av Numedal spel- og dansarlag. I tillegg til dette vart det to kassettinnspelingar med Tov Haukjems gammaldansorkester.

Sigurd har vore musikalsk leiar for Numedal spelemannslag på dei fleste kappleikane laget har vore med på. Så også på kassett- og plateutgjevingane «Buskerudtonar med tradisjonar», i regi av Buskerud Folkemusikklag/Folkemusikksenteret.

Han har dessutan vore med i mange folkemusikkprogram i NRK gjennom mange år.

Sigurd Frogner er heidersmedlem i Numedal spel- og dansarlag.



Sigurd Frogner.



PHOTO: JAN NORDBY, NRK

ners on Hardanger fiddle. Many students showed up. This course was the start for many of today's fiddlers in Rollag.

In 1969 he married Liv Jorunn Ofstad from Oppdal. They had three children and have remained living in Numedal. His daughter, Synne Frogner, carries the fiddle tradition forward.

**As musical leader** for Numedal spel- og dansarlag (a folk music and dance organization in Numedal), he has passed the tunes on. Sigurd is an exceptional pedagogue, and all of the active fiddlers in Numedal have learned a great deal from him.

For many years, he was a member of Tov Haukjems gammaldansorkester and played at countless parties and festivities.

Sigurd has participated in many cassette and record releases, including "Slåttar til dans" and "Vårdagen", released by Numedal spel- og dansarlag, as well as on two cassette recordings with Tov Haukjems gammaldansorkester.

Sigurd has been the musical leader for Numedal spelemannslag (fiddlers' group) at most of the kappleiks the group has participated in. He was also musical leader for the cassette and CD releases "Buskerudtonar med tradisjonar", produced by Buskerud folkemusikklag/Folkemusikksenteret.

He has also participated in many folk music programs for NRK over the course of many years. Sigurd Frogner is an honorary member of Numedal spel- og dansarlag.

## SIGURD FROGNER (B. 1940)
**Rollag, Numedal**

**Sigurd Frogner is a retired** bank manager and farmer. In addition, he has been a very active fiddler, with many engagements both at home and abroad.

The Hardanger fiddle has followed Sigurd Frogner ever since, as a 13-year-old, he began to bow on the instrument with the qualified help of Sverre Eggerud (1902-1985) from Rollag.

His most important teacher was Steingrim Haukjem (1897-1968) from Veggli. In periods, the teacher lived for several weeks at a time at the student's home to teach tunes. Sigurd was frequently together with Steingrim, especially in the years from 1959-60, and they traveled often to kappleiks (judged competitions in folk music and dance) in eastern Norway. From Steingrim, Sigurd learned traditional playing which leads back to the tenant fiddlers of the 1700s, as far back as the history of fiddlers in Numedal goes.

Sigurd participated actively in stemne (large gatherings of folk musicians and dancers) and kappleiks both in the 1950s and '60s. On these trips, he learned fiddle playing from Sigbjørn Bernhoft Osa, Otto Furholt, Kjetil Løndal, and several others.

Leif Aasane from Kongsberg has also meant a lot for Sigurd, both as an inspiration and as a source of tunes. But he also visited fiddlers such as Hellik A. Juveli in Flesberg, Halvor and Jon Kåsin in Nore, and has exchanged tunes and played together with almost all of the fiddlers in Numedal up through the years. In particular, Asbjørn Bratås, Arne Olson, Øystein Ellefsen, and Olav Strømmen must be mentioned.

**He participated in** Landskappleiken for the first time in Voss in 1960. He was number two in the youngest class here. This is also the oldest recording of him in NRK's folk music archive. Sigurd did not participate in landskappleik again until 1965, in Bergen, where he got first prize and became a class A fiddler.

Sigurd participated a great deal in kappleiks during the 1960s, mostly in Telemark and Buskerud. He played at kappleiks and stemne almost every weekend throughout the entire summer.

In addition, he was very active and was frequently used as a fiddler in other contexts.

In the years from 1960-61, Sigurd participated, together with dancers and folk singers, in a long school concert tour in the USA. With three performances every single school day over the course of eight months, they presented their cultural program for American high school students.

In addition, Sigurd was a well-liked fiddler for folk dance groups and at stemne and courses held by Noregs Ungdomslag (a Norwegian youth organization). In 1963 he was a fiddler at the Nordic Folk Dance stemne in Oslo, where he played for a dance demonstration at Jordal Amfi, among other things.

For two summers, he played for SAS's "Midnight Sun Tourists" ("Midnattsolturistar") in Bodø. The tourists were given the opportunity to experience Norwegian folk music and dance during their visit to northern Norway.

In 1963 he was hired by the Ministry of Foreign Affairs to play at festivals in both Scotland and the Hebrides.

In as early as 1964, he held his first course for begin-





Sigurd Frogner. FOTO: STRAND, KONGSBERG, UTLÅNT AV SIGURD FROGNER

## SLÅTTEOMTALE

**GUNLEIK BONDAL, hardingfele:**

01. **Markensmåndagen, springar i tradisjon etter Kjetil Løndal**
02. **Suldølen, gangar i tradisjon frå Tuddal**
    Opptak frå Austlandskappleiken på Geilo 1966, der Gunleik fekk 1. premie og kom på andre plass i hardingfele klasse B.

03. **Bøheringen, springar i form etter Einar Løndal**
    Opptak frå Ørpenstemnet på Geithus 1967 der Gunleik vann kl B.

04. **Brynjulv Olsson, gangar i form etter Einar Løndal**
05. **Fykerud'n springar i form etter Olav Løndal**
    Begge slåttane er opptak frå Landskappleiken i Porsgrunn 1967. På denne kappleiken spelte Gunleik seg opp i klasse A, etter å ha blitt nummer to og fått 1. premie i klasse B.

06. **Ligangaren, gangar i tuddalstradisjon**
    Opptak frå Austlandskappleiken i Oslo 1967 der Gunleik vann hardingfele klasse B.

07. **Bokkoen, springar i tradisjon frå Tinn**
08. **Skuldalsbruri, gangar i form etter Olav Løndal**
    Opptak frå Kappleiken i Porsgrunn 1969. Gunleik vart her nr fem i klasse A og oppnådde 1. premie.

09. **Rjukanfossen, springar i form etter Olav Øyaland**
    Opptak frå Ørpenstemnet på Noresund 1970. Denne gong vart det 2. premie.

10. **Tukthusen, springar i form etter Olav Løndal**
    Opptak frå Vestlandskappleiken i Granvin 1970. Her vart det 1. premie i Gjesteklassen.



## GUNLEIK BONDAL (1945)

**Tuddal, Telemark/Svene, Numedal**

**Gunleik grew up** in Tuddal in Telemark and began to play Hardanger fiddle around the age of 10. His first inspiration and teacher was his uncle, Olav Bondal. He was a neighbour, a fiddler, and he also made fiddles. He helped out when 11-year-old Gunleik made his first fiddle. Later on, Gunleik made three more fiddles. It was on self-built instruments that he gradually taught himself to play.

In the mid-1950s there were many young, aspiring fiddlers in Tuddal. Torkjell Tveiten, Svein Løndal, Knut Buen, and Nils Bondal must be mentioned. The young fiddlers received valuable assistance from master fiddler Olav Løndal, who, in a patient way, showed them the path into the musical heritage and playing tradition after the "old" Svein Løndal. This was music with roots just as old as the history of fiddle playing in Telemark.

Later, Einar Løndal was also among his teachers.

**Gunleik hadn't yet** turned 15 when he participated in his first kappleik (a judged competition in folk music and dance). His debut took place at Markenskappleiken in Kongsberg in 1960.

In the years from 1960-63 he worked in Gransherad. While he was there, he got to learn tunes from the very good fiddler Hølje Wårstulen. In 1965 he bought himself a new fiddle made by Jon Tjønn. This was the fiddle that he grew to use the most later.

Gunleik was an enthusiastic kappleik participant. There was a kappleik almost every weekend throughout the whole summer at that time. If it wasn't in Telemark, then it was in Buskerud or elsewhere. He participated in most of them, including four landskappleiks, and became an A class fiddler in 1967 in Porsgrunn. He also took part in a radio program for the Folk Music Half-Hour (Folkemusikkhalvtimen, a weekly radio show focusing on folk music) at NRK in 1966, "Young fiddlers from Tuddal" ("Unge spelmenn frå Tuddal"), which unfortunately has not been preserved in NRK's archive.

**Gunleik came to Numedal** in 1964 together with his good friend, Torkjell Tveiten. They worked in cabin building here. There were several fiddlers and dancers from Telemark who worked in the same trade at Blåfjell during these years. Among them were the fiddler Olav Bergland, the dancers Einar Hanto and Olav Sem, and the folk singer Sveinung Bakka.

In 1967 he married Tordis Dalen from Svene in Numedal and moved there. They had three children. Gunleik is a building contractor and has had his own construction firm for 30 years.

Gunleik played a great deal for dancing and to entertain; among other things, he played for the folk dance group in Flesberg. He was also frequently used as a fiddler at dance courses and for kappleik dancers from Telemark and Numedal.

Unfortunately, his life as a fiddler took an abrupt end in 1972, when he destroyed a finger on his left hand. It was a great loss to have to put away the fiddle. But he has maintained good contact with the folk music milieu during subsequent years, as a listener and as a judge, at both local kappleiks and at landskappleiks.



PHOTO: NATIONEN

Gunleik Bondal.

11. **Smågutslåtten, springar i form etter Einar Løndal**
12. **Heggtveiten, gangar i form etter Hølje Wårstulen**
Opptak frå Landskappleiken på Gol 1972. Denne gongen vart det 2. premie.

13. **Gangar etter Jon Kjos i tradisjon frå Tuddal**
14. **Kvennaslåtten, springar i tuddalsform**
Opptak frå Myllargutstemnet i Rauland 1972, Gunleik vart sjettemann i klasse A med 1. premie.

**SIGURD FROGNER, hardingfele:**

Slåttane Sigurd Frogner spelar her, er alle i form etter eller lært av Steingrim Haukjem frå Veggli (1897–1968).

15. **Tangeslåtten, og kalla «Løytnantsdrengen», springar**
Opptak frå Landskappleiken 1960 på Voss. Her fekk Sigurd 1. premie i Yngste klasse. Læremeisteren Steingrim Haukjem lærte denne slåtten av Steinar Gladheim i 1912.

Innspelinga av dei følgjande tre slåttane gjorde Sigurd Frogner i NRK 4. mai 1965. Programmet vart sendt i Folkemusikkhalvtimen under tittelen «Folketonar og slåttar»:

16. **Tråen-mann, springar**
Ein mykje brukt slått i Numedal, slåtten har truleg namn etter den vidgjetne Tråenlensmannen, Torstein Knutson Tråen (1720-1801). Han var ein mektig mann i si tid.

17. **Torstein Bromsdalen, halling**
Denne slåtten skal Knut Lurås ha lært i Numedal og teke han med seg til Tinn, skreiv Truls Ørpen. Steingrim lærte slåtten av Knut Dahle i 1919.

18. **Ola Skeimakar, springar**
Steingrim lærte slåtten Ola Skeimakar av Steinar Gladheim i 1912. Sigurd nytta denne mykje på kappleikar.

19. **Rjukanfossen, springar**
Opptak frå Kappleiken i Porsgrunn 1965 der Sigurd fekk 1. premie. Læremeisteren Steingrim Haukjem lærte denne slåtten av Knut Dahle i 1919.

20. **Gangar etter Luråsen**
Det er fleire Luråsgangarar, og somme hadde Steingrim etter Steinar Gladheim, andre etter Knut Dahle.

21. **Flesbergingen, springar**
Opptaka er frå Landskappleiken på Lillehammer 1968 der Sigurd fekk 1. premie i klasse A. Steingrim Haukjem lærte springaren av Steinar Gladheim i 1912.

22. **Vegglijenta, springar**
Steingrim Haukjem lærte Vegglijenta av Steinar Gladheim i 1914. Sigurd nytta ofte slåtten på kappleikar. Denne innspelinga vart gjort for folkemusikkhalvtimen og vart sendt i 1970 under tittelen «Slåttar på vandring mellom Austland og Vestland». Pål Løytnantsdreng (1786–1867) skal ha laga denne slåtten til ei jente frå Veggli som ikkje kunne danse!

23. **Sinderoen, gangar**
Ein mykje brukt slått i Numedal, men med uvisst opphav. Ein plass ved Norefjorden skal ha heitt Sinderroe (Sinder er det same som slagg). Opptaket er frå Landskappleiken på Røros 1970. Denne gongen vart det ein god 2. premie for Sigurd.

24. **Bekkjinguten, gangar**
Denne slåtten lærte Steingrim Haukjem av Knut Dahle i 1920. Opptaket med Sigurd er frå Austlandskappleiken i Flesberg 1977 der han fekk 1. premie.

25. **Raudstakken, springar**
Steingrim Haukjem lærte denne av Simen Svingen (1882-1967) frå Veggli, som igjen hadde slåtten etter Nils Halvorsen Asker «Oskehølen» (f. 1827). Nils hadde han etter far sin «Oskehølen», Halvor Halvorsen Haagaan (1789-1876). Her utfaldar Sigurd seg i heimlege omgivnader under NRK-opptak i Veggli i 1979.

26. **Gudvangen, gangar**
Denne slåtten er ein vandreslått som finst mange plassar og i fleire utformingar, det er fleire slåttar som ber dette namnet. Denne lærde Steingrim Haukjem av Halvor Høyseth i Hovin, Truls Ørpen lærte han av Steingrim og har skrivi han på notar i Hardingfeleverket.

OM OPPTAKA
Spor 01–05, 07–08, 11–22, 23–24: NRK v/Rolf Myklebust.
Spor 06, 09 og 23: NRK v/Liv Greni.
Spor 10: NRK-Hordaland.
Spor 25 og 26: NRK v/Sven Nyhus.